



Arkivnr: 2014/10499-10
Saksbehandlar: Jon-Rune Smørdal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.04.2014

Godkjenning av 6 prosjektrekneskapar innan universell utforming og innan skulesektoren

Samandrag

Fylkesrådmannen tilrår i saka at dei 6 prosjektrekneskapane vert godkjent. Totalt budsjett/kostnadsramme for dei 6 prosjekta er på kr 24 530 000 og rekneskapen totalt er på kr 21 656 708. Dette er eit mindreforbruk på 11,7%.

4 av prosjekta er relatert til universell utforming, mellom anna utskifting av dører og ombygging av toalett på vidaregåande skular. Eit av prosjekta har relativt stort meirforbruk, men dette blir dekkja inn gjennom mindreforbruk i andre prosjekt.

Ombygging av garderobeanlegg på Knarvik vgs, med eit budsjett på 2,83 mill. kr inngår også som eit av prosjekta og kjem ut med eit mindreforbruk på 12%.

Enøk prosjekt på Laksevåg vgs vart ikkje gjennomført på grunn av at tiltaket skal inngå i ei større rehabilitering av tekniske anlegg.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner prosjektrekneskapane i denne saka.

Johnny Stiansen
fung. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand
kst. fylkesdirektør økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: sak 21/14 i kontrollutvalet, revisor sin uttale og rekneskapsavslutning

Fylkesrådmannen, 07.04.2014

Fylkestinget har i sak 48/13 vedtatt at prosjektrekneskapar:

«
På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.
Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10 % skal same rutine følgjast.»
 «

Dei 6 prosjektrekneskapane har eit avvik på meir enn 10% og vert derfor lagt fram for politisk handsaming.

Deloitte har revidert prosjektrekneskapane 18.02.2014 og stadfesta at dei gjev eit rettvisande bilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk. Fylkesrådmannen tilrår at prosjektrekneskapane vert godkjent.

Fylkesrådmannen viser til kontrollutvalssak 21/14 som er vedlagt saka.

Kontrollutvalet handsama saka i møte 24.03.2014 og vedtok følgjande uttale samrøystes:

- «
1. *Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapa gjev eit rettvisande bilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.*
 2. *Kontrollutvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.*
 3. *Utvalet har elles ingen kommentar til prosjektrekneskapane.*
- «

Totalt budsjett/kostnadsramme for dei 6 prosjekta er på kr 24 530 000 og rekneskapen totalt er på kr 21 656 708, så ein ligg godt innanfor den totale ramma. I notat frå Eigedomsseksjonen vert det vist til naturlege forklaringar på kvifor det har oppstått avvik.

I tidlegare leverte prosjektrekneskapar har det gått fram korleis eventuelle overskridingar er dekt inn, enten ved bruk av lån eller ved bruk av ubundne fond. Grunnen til at dette ikkje er med denne gongen er at det no vert nytta vedteke rammebudsjett som betyr at ev. overskridingar vert dekkja inn i denne ramma.

4 av prosjekta er relatert til universell utforming som omfattar ombygging av toalett, utskifting av dører og utbetring av kommunikasjonsvegar på vidaregåande skular, samt kartlegging/planlegging av tiltak innanfor universell utforming på tannklinikkar. Totalt 19,2 mill. kr er brukt på tiltak innanfor universell utforming og mindreforbruket for prosjekta er totalt 1,8 mill. kr.

Ombygging av garderobeanlegg på Knarvik vgs, med eit budsjett på 2,83 mill. kr inngår også som eit av prosjekta som skal godkjennast og kjem ut med eit mindreforbruk på 0,34 mill. kr.

Det vart i Fuv sak 280/08 satt av kr 700 000 til installasjon av SD-anlegg ved Laksevåg vgs. Prosjektet vart ikkje gjennomført på grunn av at det skal installerast eit fellesanlegg på både yrkesfag- og allmennfagbygget. Dette må kome på plass i samband med større rehabilitering av tekniske installasjonar.

Oversyn over 6 prosjektrekneskapar:

Rekneskapsført: november 2013

Prosj.nr.	Eining	Føremål	Opphavleg budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
201	Universell utforming	Skifting av dører	kr 6 500 000	kr 8 842 087	-kr 2 342 087	-36,0 %
202	Universell utforming	Toalett	kr 6 500 000	kr 3 805 626	kr 2 694 374	41,5 %
203	Universell utforming	Kartlegging/planlegging tannklinikkar	kr 2 000 000	kr 1 495 518	kr 504 482	25,2 %
205	Universell utforming	Kommunikasjonsvegar	kr 6 000 000	kr 5 023 895	kr 976 105	16,3 %
2106	Knarvik vgs	Ombygging av garderobeanlegg	kr 2 830 000	kr 2 489 582	kr 340 418	12,0 %
4081	Laksevåg vgs	Enøk-tiltak	kr 700 000	kr 0	kr 700 000	100,0 %
TOTALT			kr 24 530 000	kr 21 656 708	kr 2 873 292	11,7 %